



**DEN NORSKE KYRKJA**

Bjørgvin bispedømeråd

Bjørgvin biskop



## Årsmelding 2003

## Den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme

av biskop Ole D. Hagesæther

*”Unskyl at jeg ikke har skrivd  
før men jeg har ikke lert å  
skrive før nå”*

*Marta*

Alt vi gjer dette skuleåret har ei strime av barn ved seg. Ideelt sett skal det ikkje vere ei samling eller eit initiativ tatt, utan at vi spør oss: Kva relevans kan dette ha for barna?

Halvveges i barneåret kan vi melde at det vert ei viktigare satsing enn nokon av oss såg føre seg då vi tok til med førebuingane våren 2002. Med få unntak er alle kyrkjelydane involverte. Kyrkjelydsblada er gode indikatorar på det. Dei melder om inspirasjonssamlingar for leiarar. Om medvete vedlikehaldsarbeid og konstruktive nysatsingar. I fleire av kyrkjene hadde barna fritt spelerom i adventstida. Tydelegast har barneårssatsinga vist att i gudstenestene. Her bryt vi nytt land.

Når så trusopplæringsreforma vart vedteken nett før vi starta opp, så ser vi dette som ei Gudgjeven gåve til bispedømet. Barneåret vert eit preludium for det som no kjem. Vi er alt i gang!

No er naturleg nok ikkje dette det einaste vi har hatt føre oss dette året. Av meldinga vår vil ein sjå at det jamne arbeidet rett ofte har vore avbrote og supplert av større tilskipingar. Vi var vertskap for Nordisk konferanse: ”Mer enn ord” (kyrkja i møte med utviklingshemma), ”Vegen til presteteneste” i juni (lagt til pilegrimstaden Røldal), likeeins det nasjonale prostemøtet i oktober (lagt til Bergen). Vi var aktive medarbeidarar då miljøseilasen for Nordsjølanda vart skipa til med patriarken Bartholomeus som samlande pådrivar. Når så både stiftsmøtet og bispedømemøtet

skulle på plass, vart det nok å gjere for staben på bispedømekontoret.

Det er til inspirasjon at mange av oss ved bispedømekontoret er dratt med i sentrale komitear og soleis får vere med og prega felleskyrkjelege vedtak. Det og krev arbeidsinnsats. Gledeleg er det difor at staben har fungert så godt som den no gjer her i Bjørgvin. Det ser ut til at det interne organisasjonsarbeidet som er gjort, no gjev resultat. Den samla kapasiteten er større enn den har vore nokon gang.

Verd å nemne er ordninga med ein røynd og verdsett prest som personalprest og sjelesørgjar, tilsett i staben. Vi får svært god respons på denne ordninga. Prestane har ein å gå til som ikkje står i arbeidsgjevarlina, men som representerer biskopen. Han har teieplikt òg i høve til biskopen, og fangar opp mange som slit med trusspørsmål, eigenproblematikk og relasjonsvanskar.

Der bispedømet har arbeidsgjevaransvar, er ting rimeleg godt på plass. Ei dugande prostegruppe skal ha mykje av æra. Arbeidsvegleriinga gjev og gode frukter. Det er langt mellom dei store konfliktane medarbeidarar i mellom.

Kommuneøkonomien er ei konstant hovudpine rundt i bispedømet. Leiinga i prestegjelda vert urolege og mismodige når ein må skjere ned på stillingar, kutte på gudstenester og mellombels stenge kyrkjeshus.

Når vi samstundes skal ha på plass fritidsreglementet både for prestar og organistar, når vi arbeider med heilt rettkomne rasjonaliseringstiltak på kyrkjelydsnivå og vurderer større einingar og ein ny samla fordelingsplan for prestetenesta i bispedømet, då går det mange stader varmt i maskineriet. Den uro ein kan registrera i møte med nye tenesteordningar bør ein nok forstå med dette som bakteppe.

Når det gjeld tenesteordningane, er det likevel endå viktigare å merke seg den samstemte poengteringa frå prestane si side: Kwart sokn må ha sin eigen sokneprest. Prestetenesta må vere grunnleggjande knytt til kyrkjelyden.

Men mot, det har mange. Det er meir enn gledeleg å sjå kor mange som no talar om ei fornying av lekfolket si teneste. Ordet ”nådegåvevekkjing” er ofte brukt når kyrkjeleg leiarskap kjem saman. Kyrkjelydsliknande fellesskap vert skapte, dels etter grundige samtalar med bispedømet si leiing og med biskopen si velsigning, dels utan drøftingar med den offisielle kyrkjestruturen. Dette siste er utfordrande for alle partar, ikkje minst fordi relasjonane mellom kyrkjeleiing og organisasjonar for tida er så gode. Svært mange ser kor viktig det er at det friviljuge og det offisielle heng saman og stør kvarandre. Den nye ordninga med sporadisk dåp på bedehuset vert då krevjande å ta stilling til både ekklesiologisk, kyrkjejuridisk og strategisk.

Som biskop er eg truleg inne i det mest arbeidskrevjande året mitt så langt. Det er kraft i nysatsingane her i Bjørgvin, og mange vil ha biskopen på laget. Samstundes har oppgåva som visepreses dradd mykje med seg av nemndarbeid og sentralt arbeid. Sjømannskyrkja har endra leiingsstrukturar. Det òg vedkjem Bjørgvinbispen. Og på den offentlege samfunnsarenaen har det vore nødvendig å ta tak. Arbeidet for Nordsjødykkarane er eit døme på dette. Takka vere eit velfungerande bispedømekontor og svært dyktige prostar, er konklusjonen for biskopen likevel at dette har vore eit sær inspirerande år!

## **Liv og virke i kyrkja**

### **Barneåret**

”Barneåret i Bjørgvin” har prega mykje av kyrkja sitt arbeid i 2003.

Mål for barneåret 2003/2004 er:

- å styrkja dåpsopplæringa i heim og kyrkjelyd
- å hjelpa borna til ein rett og god plass i gudstenestelivet
- å styrkja barnarbeidet i kyrkjelydane og organisasjonane
- å gje foreldre kunnskap om korleis dei kan vere gode foreldre –og mot til å vere det
- å setja søkjelys på utfordringane vi møter når det gjeld arbeid med born og oppvekstmiljøet deira
- å styrkja samarbeidet mellom kyrkja og skulen/barnehagen

Barneåret har også ein visjon om at ”Alle i Bjørgvin ber kveldsbøn”. Biskopen har jobba med teologisk perspektiv og utfordra tilsette og frivillige medarbeidarar på både haldningar og prioriteringar lokalt.

Bispedømerådet utforma materiell som blei gitt til prestegjelda på bispedømemøte i september. I samband med dette var det opningsgudsteneste i Bergen domkirke, der mange barn var med i dei liturgiske ledda.

Barneåret er som prosjekt svært interessant for vårt bispedøme og for heile kyrkja. Det vert sett i gang ein prosess som er annleis enn slik kyrkjelydane arbeidar til dagleg. Nye idéar, litt friske midlar og mykje engasjement har gjeve oss eit samlande fokus. Lokalt har det så langt vore eit mangfald av tiltak, nokon har store og mange tiltak, mens andre har ei markering eller praktisk tilrettelegging i kyrkjerommet.

Det er interessant at det går an å skape eit slikt felles engasjement i ei elles mangfaldig kyrkje. Det gjev oss særleg tru på at vi legg eit godt og annleis grunnlag for trusopplæringsreforma i bispedømet.

Det er verd å merke seg at media finn Barneåret interessant. Vi har fått stor

merksemd i både aviser, TV og på nettet. Særleg vellukka var pressekonferansen lagt til Austevoll, opningsgudstenesta, Barnas katedral med forestillinga "Dans, Frans!" og på nyåret ikkje minst biskopens nyttårstale med fokus på fadrane. Med gode prosjekt og medviten bruk av media får kyrkja på denne måten god profilering.

### **Barn og unge**

Det var i 2003 ein gledeleg og tydeleg auke i tiltak retta mot born med heile 9% både i talet på tiltak og talet på deltakande born. Dette gjeld både avgrensa og kontinuerlege tiltak.

Samarbeidet mellom kyrkja og barnehagar og skular har fått eit oppsving med fleire klassar på kyrkjebesøk. Grunnen til dette er truleg satsinga på barneåret, der Barnas Katedral i Nykirken i Bergen sentrum står i ei særstilling med over 1500 skulebarn på kyrkjebesøk i advent 2003 for å sjå forestillinga om Frans av Assisi og kyrkja som skulebarn i Bergen har dekorert.

Mange kyrkjelydar har satsa på "Vandring gjennom Bibelen" for 5.klasse som ein del av samarbeidet, og dette har vorte godt mottatt av skulen.

### **Ung i Bjørgvin**

For ungdomstiltak har det vore ein nedgang på 7%, men dette skuldast mest truleg endra rapporteringsrutinar fordi vi ser auke i ungdomsarbeidet, både i organisasjonane og i kyrkjelydane.

Bispedømerådet har det siste året utfordra Referansegruppa for "Ung i Bjørgvin" til å organisere ein demokratisk prosess med tanke på representasjon til Ungdommens kyrkjemøte og ungdomsråd/referansegruppe i bispedømet. Referansegruppa har difor i haust jobba konkret med å planleggje eit Ungdomsting for Bjørgvin våren 2004.

Det er vårt inntrykk at mange av dei kristne organisasjonane samlar mange

ungdomar til store treffpunkt, kurs, leirar og gudstenester. Mange kyrkjelydar har stort utbytte av å samarbeide nært med ungdomsorganisasjonane. Tilboda om kristne samlingar blant studentane i Bergen har knapt nokon gong vore så godt besøkte som dei siste par åra.

### **Gudstenestelivet**

Det er gledeleg å registrere at det fleire gjekk til gudsteneste i 2003 (972602) enn 2002 (964238). Samstundes har det i gjennomsnitt vorte halde ei gudsteneste mindre i kvart sokn (10245 i 2002, 10021 i 2003). Gjennomsnittleg deltaking på gudstenestene har gått opp frå 94 til 97. Dette er interessante tal med tanke på at det gjennom dei seinaste åra har vore ein årleg nedgang. Talet på nattverdgjester totalt har og gått noko opp ( 160896 i 2002, 170280 i 2003). Det same har tala for offer i kyrkjene (16.957.158 kr i 2002, 17.296.807 kr i 2003).

Barneåret har utløyst stor kreativitet i gudstenestelivet og mange kyrkjelydar har prøvd ut nye gudstenesteformer og liturgiske element for å integrera borna betre i gudstenestelivet.

### **Kyrkjelege handlingar**

Talet på konfirmantar har gått nominelt opp med 5 % (5573 i 2002, 5865 i 2003), ein auke på om lag 300 konfirmantar. Auken konsentrerer seg om enkelte vekstsentra. Det er grunn til å ha merksemd på auken i belastning dette utgjer for dei tilsette. Talet på døypte har auka med 2 % (6070 i 2002, 6186 i 2003). Det var 72 færre kyrkjelege vigslar i 2003 (1487) enn i 2002 (1559).

### **Inn og utmeldingar**

Det var 95 innmeldingar mot 85 i 2002 og 415 utmeldingar mot 399 i 2002.

### **Kyrkjemusikk**

Bispedømerådet oppnemnde i 2003 eit utval for kyrkjemusikk. Seint på året vart det også tilsett kyrkjemusikalsk konsulent i 20% stilling. Dette vart gjort med bakgrunn i tidlegare utarbeidde rapportar

om det kyrkjemusikalske arbeidet i bispedømmet. Fleire kyrkjemusikarar kjenner seg åleine om utfordringane i det kyrkjemusikalske arbeidet, og det er derfor eit stort behov for å danne nettverk og halde faglege samlingar for kyrkjemusikarane. Reint formelt er dette eit ansvar for fellesråda som arbeidsgjevarar, men det er brei oppslutning om at bispedømerådet både har kompetanse og høve til å tilby oppfølging av kyrkjemusikarane. Det er vårt inntrykk at kyrkjemusikarane i Bjørgvin samla har stor kompetanse. I lys av trusopplæringsreforma er den store utfordringa å integrere og gjere seg nytte av denne kompetansen i trusopplæringsarbeidet i alle kyrkjelydane.

### **Evangelisering, misjon, økumenikk**

Biskopen og bispedømerådet har i samarbeid med Misjonsselskapet ført vidare si støtte til Bergen Internasjonale menighet (BIM). Dette inneber finansiering av ei halv prestestilling. Tilslutnaden om gudstenester og aktivitetar kunne gjerne vore større, men BIM er framleis under oppbygging og vil trenge noko tid for å vise sitt potensiale.

Etter å i mange år å ha bruka ressursar på få i gang Alpha-arbeidet i bispedømmet har ein vald å trappa ned denne satsinga. Bispedømmet sin innsats i 2003 avgrensa seg til å vera med som koordinator for kyrkjelydane i bispedømmet i den landsomfattande Alpha-aksjonen i januar med invitasjon til Alpha-middagar lokalt.

Misjonsengasjementet har vore mindre i fokus i 2003 fordi misjonskonsulenten hadde permisjon halve året for å vera misjonær. Det er fullført ein runde med vitjing i konvent i alle prostia der misjon var tema.

Det mest synlege som skjedde på den økumeniske fronten var miljøseglassen før KEK-generalforsamlinga i Trondheim denne sommaren. Elles er dei lokale

økumeniske relasjonane gode. I Bergen møttest prestane og frikyrkjelege predikantar jamleg og i ein periode lånte Den katolske kyrkja Johanneskirken i Bergen medan deira var under oppussing. Bispedømmet har følgd opp sin kontakt med venskapskyrkja si i Eritrea og vore vertskap for generalsekretæren deira ein dag i Bergen. To kyrkjelydar som har europeiske venskapskyrkjer fekk stønad til å senda ein representant til KEK.

### **Trusopplæring**

Trusopplæringa i Bjørgvin har vore prega av mange gode initiativ i Barneåret (sjå tidlegare omtale). Like fullt merkar vi at det skortar på ressursar for å gjennomføre langvarig utviklingsarbeid for dåpsopplæring i mange av kyrkjelydane.

Bjørgvin bispedømme har fylgt arbeidet med trusopplæringsreforma tett. Dei fleste kyrkjelydane i Bjørgvin har allereie godkjende dåpsopplæringsplanar. Rådgjevar Rune Øystese si undersøking av foreldre si oppleving av og haldning til dåp og dåpsopplæring (Forskningsprosjektet "Dåpsopplæring i heim og familie") har dette året vore eit godt og spanande grunnlag for å stake ut ein veg vidare. Vi ser at det er strategisk og naudsynt å ta dette som utgangspunkt for ei vidare satsing på dåpsbarna, dåpsgudstenestene, foreldre og fadrar.

### **Diakoni og samfunnsengasjement**

I Bjørgvin var det ved utgangen av året tilsett 20 diakonar. Av desse har 15 stillingar statstilskot. Ein diakon har slutta i løpet av året, men det er gledeleg at det er tilsett fire nye diakonar i bispedømmet. Diakonane sine arbeidsoppgåver varierer med lokale tilhøve, felles er at diakonane i stadig større grad når ut til menneske i lokalsamfunnet. Dette viser seg både i møte med etterlatne i sorg og kriser, i møte med ungdom i deira ulike livssituasjonar og arbeid blant flyktingar og "nye landsmenn." Fleire diakonar har etter kvart etablert gode samarbeidsrelasjonar til

det offentlege hjelpeapparatet, noko som gjer diakonien både synleg og etterspurt. Diakonane tar også vare på den åndelige dimensjonen og er med ved til dømes forbønns gudstenester og opne kyrkjer. For å oppretthalde diakonstillingar er det funne kreative løysingar. I nokre kyrkjelydar er diakonstillingar blitt oppretta i samarbeid med lokale kjøpesentra.

Bispedømerådet sitt diakoniutval har i løpet av året innhenta kunnskap om kva som blir gjort av tilrettelegging for og oppfølging av friviljuge medarbeidarar. Det skal arbeidast vidare med å finna fram til konkrete måtar kyrkjelydane kan legge til rette for at friviljuge medarbeidarar kan trivast.

Vi er urolege for manglande diakonalt arbeid i kyrkjelydar som ikkje har diakonale medarbeidarar. Det er vårt inntrykk at mange organisasjonar og samfunnsinstitusjonar har mykje godt lokalt arbeid og at det diakonale engasjementet vanskeleg finn rom og identitet der det ikkje er tilsette medarbeidarar som arbeider spesielt med diakonale utfordringar.

### **Homofile i kyrkja**

Biskopen har oppnemnd prosten i Hardanger og Voss til på vere Bjørgvin bispedøme sin kontaktperson med ”Åpen kirkegruppe”, som har månadlege kveldsmesser i Nykirken kapell. I 2003 var han med på 5 samlingar i miljøet, han har følgd foreldregruppa, vore med på årsmøtet og 15-årsjubileet og halde ei gudsteneste. Både bispedømet og Åpen kirkegruppe ser positivt på denne kontakten.

### **Tiltak for utviklingshemma**

Det er viktig å ha langvarig fokus på menneske med utviklingshemming, difor er det å ha ein integreringsdiakon avgjerande. Det er tidlegare dokumentert at integreringsdiakonane som er tilsette ved bispedømekontora betyr mykje for

utviklinga av dette arbeidet i kyrkjelydane. I så måte er det gledeleg at det vart oppretta 2 liknande nye stillingar med plassering i Borg og Stavanger bispedøme.

Det viktigaste i det kontinuerlege arbeidet er framleis konfirmantarbeidet i Bergen, sorgkurs og Bli-kjent-i-kyrkja-kursa ved sida av rådgeving for kyrkjelydar.

To ting må særskilt nemnast for året 2003:

- Den nordiske konferansen ”Mer enn ord” som Bjørgvin bispedøme arrangerte på Solstrand i Os på vegne av Kyrkjerådet. Den samla 115 deltakarar frå dei nordiske landa og er ein del av det nordiske kyrkjelege arbeidet i forhold til funksjonshemma – og særskilt menneske med utviklingshemming. Hovudforedragshaldar var tidlegare biskop Martin Lönnebo frå Sverige. Dette vart ein vellukka konferanse med mange gode tilbakemeldingar.
- Utgjeving av ”Bibelboka mi”, som vart lansert i samband med opninga av Barneåret i Bjørgvin. Denne boka er det bispedømerådet sitt utval for utviklingshemma som står bak – både i form av idé og framdrift av bokprosjektet. Boka er gitt ut på IKO-forlaget, både på bokmål og nynorsk. Dette er ei bok som er laga med særskilt omsyn til born og unge med utviklingshemming, men er blitt (som vi ville) ei bibelbok for alle born.

På nasjonalt nivå har integreringsarbeidet i større grad enn tidlegare hatt fokus på funksjonshemming generelt. Likevel vil både bispedømerådet sitt utval utviklingshemma og integreringskonsulentane i bispedøma, at vi framleis skal ha eit særskilt fokus på menneske med utviklingshemming. Dette gjer vi fordi tiltak i forhold til denne ueinsarta gruppa, er grunnleggjande også for andre grupper. Kan vi leggja til rette for menneske med utviklingshemming, har vi lagt til rette for alle.

## **Miljø, forbruk og rettferd**

Dei største løfta på dette området i 2003 var inspirasjonssamlinga i Bergen i mars og den kyrkjelege miljøseglasen i juni. Inspirasjonssamlinga må vurderast som vellukka, med om lag 75 deltakarar og svært variert program. Temaet for samlinga var: "Kyrkja - verdas største miljø- og rettferdsrørsle?"

Den internasjonale miljøseglasen frå Stavanger til Konferansen av europeiske kyrkjer (KEK) sitt møte i Trondheim gjorde kyrkja til eit unikt samlingspunkt for miljøengasjerte ekspertar og politikarar. Seglasen gjorde to strandhogg i bispedømet, eitt på Moster og ein heil seminardag i Bergen med forvaltning av fiskeressursar som hovudtema. Biskopen var møteleiari, føredragshaldar og vertskap for "den grønne patriarken", His All Holiness Bartolomeus, økumenisk patriark for den gresk-ortodokse kyrkja. Det vart ei utandørs markering og minikonsert på Vågsalmenningen, og ei stappfull domkyrkje fikk oppleve ein ekte ortodoks vesper. Seglasen og arrangementa i Bergen fekk mykje god omtale i media.

Satsinga på etisk handel frå 2002 held fram, med fokus på informasjon på samlingar og markeringar av logoskifte for Max Havelaar. Butikktesten er spreidd til andre delar av landet, og prosjektleiar vart invitert til Barne- og familiedepartementet for å legge fram resultat og erfaringar. Vi inviterte LO med i eit samarbeid om Max Havelaar på arbeidsplassane. Etter fleire møte med bl.a. leiarane i fagforbunda og mykje god vilje, har ein hittil ikkje lukkast i å få fart på prosessen i fagrørsla.

Prosjektleiar har også i 2003 halde foredrag og temakvelder i kyrkjelydar og på medarbeidersamlingar. Denne aktiviteten har vore tona litt ned i høve til tidligare, for ikkje å ta for mykje fokus vekk frå barneåret.

Med ekstra midlar vart engasjementet til

prosjektleiar for "Grønne kyrkjelydar" forlenga meir eller mindre til våren 2004. Etter dette vert prosjektet avslutta. Ein arbeider i Kyrkerådet for å få til ei nasjonal finansiering av slike prosjekt i alle bispedøma, men utfallet er uvisst.

## **Forvaltning av tilskotsordningar til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, kyrkjeleg verksemd i kommunane og tilskot frå OVF**

### **Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk**

Av løyvinga på kr. 9.065.000 til kyrkjeleg diakoni, undervisning og kyrkjemusikk for år 2003, var kr 250.000 øyremerkte forskningsprosjektet "Dåpsopplæring i heim og familie". Vidare har kr 120.000 vorte gjeve som tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen Domkirke i tråd med føresetnadene i Statsbudsjettet for 2003. Resten av løyvinga har i hovudsak gått med til å dekkje 50 % refusjon for 15 soknediakonstillingar og full refusjon for 16,3 kateketstillingar.

Vakansane i diakon- og kateketstillingane for år 2003 har vore mykje større enn for tidlegare år. Særleg i 3. og 4. kvartal var vakansane store. Dette har ført til at ein unngikk ei forventet overskriding av budsjettet for lønsrefusjonar. I staden fekk ein høve til å nytte om lag 0,3 mill til ulike driftstilskot/ingongstiltak innan diakoni og kyrkjeleg undervisning.

Med normale vakansar hadde budsjettet for lønsrefusjonar vorte overskride. Totalløyvinga dei siste åra har berre auka med prisstigning og ikkje i tråd med den faktiske utviklinga i løns- og pensjonsutgifter for diakon- og kateketstillingane. Dersom denne utviklinga held fram, vil refusjonsgraden til fellestråda måtte reduserast. Dette vil leggje eit ytterlegare press på økonomien på lokalplanet i kyrkja, og ein står i fare for at nokre fellestråd må redusere sin aktivitet innan diakoni og undervisning, noko som

står i sterk kontrast til den nasjonale målsetnaden om å styrkje innsatsen på dette området.

### **Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane**

Opphavleg tildelt tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i år 2003 om lag kr. 12,5 mill., mot kr. 13 mill. i år 2002 og kr 14,4 mill i år 2001. Formålet med tilskotet er å styrkje den kyrkjelege verksemda ut over det som er kommunane sitt økonomiske ansvar etter kyrkjelova. Vi har ikkje motteke formelle meldingar om at tilskotet vert nytta til føremål som skulle vore finansiert av kommunane, men det er vårt klare inntrykk at mange fellesråd er avhengige av dette tilskotet for å halde oppe regulær drift.

I løpet av året vart det gjeve ei ekstraløyving gjeldande tilskot til ein skilde fellesråd innan bispedømet på totalt kr 1.643.000. Denne ekstraløyvinga var frå Stortinget si side grunngeve med dei økonomiske vanskanane fleire fellesråd hadde med å halde oppe ei tilfredsstillande drift, mellom anna eit forsvarleg vedlikehald av kyrkjene. I og med at føringane for ekstratilskotet ikkje var i tråd med dei generelle retningslinene, førte det til at nokre fellesråd vart i tvil om kva tilskotet kunne nyttast til. Fordelinga av ekstratilskota vart heller ikkje oppfatta som rimeleg utifrå den argumentasjonen som låg til grunn for ekstratildelinga. Vi vonar at slike ekstratilskot for framtida vert fordelt i høve til opphavleg fordelingsnøkkel og at ein ikkje legg inn føresetnader for slike tilskot som sår tvil om kommunane sitt finansieringsansvar for den lokale kyrkja.

### **Forvaltning av regelverk**

#### **Kyrkjelov**

Det har ikkje vore vedtak om bygging av nye kyrkjer i 2003, men biskopen har hatt

7 saker knytt til ombygging av kyrkjer, av desse har 3 vore orgelsaker.

Avgjorde saker i relasjon til fellesråd når det gjeld bruk av kapitalen i kyrkjefond er 4. Det har kome inn 2 revisjonsmeldingar til fellesråd sin rekneskap, utan at det har vore naudsynleg for bispedømerådet å oppnemna eit desisjonsutval. Ingen saker om godkjenning av reglar om betaling for bruk av kyrkjene har vorte handsama i 2003. Det har vore ei sak om nytt valoppgjær. Biskopen har hatt 3 saker der det er gjeve stemmerett i eit sokn til medlemmer som ikkje bur i soknet.

#### **Gravferdslov**

Det manglar framleis kyrkjegardsvedtekter frå nokre av kommunane i bispedømet. Innan utgangen av året var 8 saker om kyrkjegardsvedtekter avgjort i medhald av bispedømerådet sitt delegasjonsreglement.

Bispedømerådet har i 2002 handsama 5 klagesaker knytt til kyrkjeleg fellesråd sine vedtak kring flytting av gravlagde eller plassering av gravminne. Ei av sakene var av særleg prinsipiell karakter, der flyktingar til landet søkte om å få flytta ein gravlagd til heimlandet. Praksis på forvaltninga av gravferdslova er streng på dette området, og bispedømerådet heldt fast på fellesrådet sitt avlag på søknaden om flytting. I slike saker er det likevel sterke menneskelege omsyn som gjorde vedtaket vanskeleg.

11 planar for anlegg, utviding, anna vesentleg endring eller hus på kyrkjegardar er handsama og avgjort i medhald av bispedømerådet sitt delegasjonsreglement. Dette er to saker meir enn året før. I saker om arealdisponering til kyrkjegardsføremål er bispedømerådet statleg faginstans og har gjeve fråsegn i 6 slike saker. Året før var det 2 slike saker. I sak om kyrkjetomt i Lindås kommune, varsla bispedømerådet motsegn til reguleringsplanen fordi den ikkje sette av plass til kyrkje på ei tomt som i mange år har vore tenkt til det føremålet.



To ferdig utvida kyrkjegardar vart godkjende.

### **Kyrkjelege bygningar og inventar**

Det er eit jamt tilfang av saker om godkjenning av inventar og utstyr til kyrkjene. I 2003 var det nokså mange saker der kyrkjelydane søkjer om å få fjerna benker bak i kyrkja for å laga til barnekrok. Dette er ikkje nytt av året, men vi skal ikkje sjå bort frå at Barneåret har medverka til denne trenden. Barneåret har også gjeve bispedømet eit par ”barnestolaer”, i Hornindal og Bremanger, der born har laga symbola som kan festast til stolaen med borrelås. I høve Barneåret vart det også gjort eit relativt stort inngrep i ”Barnas katedral” i Nykirken. Der vart eit korskille fjerna i samråd med Riksantikvaren.

Eit fagråd for kyrkjekunst førebur dei fleste sakene før biskopen tek avgjerd. Utvalet har ein kunstnar, ein forskar og ein prest som medlem. Ordninga med eit slikt fagråd fungerer godt. 147 av dei 277 kyrkjene i bispedømet er listeført av Riksantikvaren som freda eller verneverdige. Saker om inventar og utstyr og ombyggingar når det gjeld desse kyrkjene vert lagt fram for Riksantikvaren til fråsegn før biskopen tek avgjerd. Tida som går med før Riksantikvaren gjev tilbakemelding kan variere, men framleis er opplevinga at tida ofte er lang.

### **Prestegjeldsinndelingar (reguleringsaker)**

Bispedømerådet gjorde vedtak om å slå saman Tjugum sokn og Kvamsøy sokn, som ved årsskiftet er samla i eit sokn; Balestrand sokn. Bispedømerådet slo saman Solheim sokn og St. Markus sokn til eitt nytt sokn i 2002, gjeldande frå 1. januar 2003. I 2003 vart det gjort vedtak om Løvtakksiden som namn på det nye soknet og prestegjeldet.

### **Kyrkjeleg fellestråd som forvaltningsmynde**

Det er ei stor utfordring for Bjørgvin biskop og bispedømeråd å oppfylle departementet si målsetjing om at kyrkja sine regionale organ skal bidra til å samordne prestetenesta med dei lokale kyrkjelege råda. I eit bispedøme med 197 kyrkjelydar og 59 fellestråd er det mest uråd å ha kontakt rådsorgana mellom. Bispedømeleiinga har derfor vore opptekne av å skape møtepunkt med kyrkjeverjene for å styrke lagspelet mellom kyrkja lokalt og regionalt. Biskopen sine visitasar gjev mulighet for viktige samrådingar mellom prestetenesta og rådsorgana.

Eigentleg er dette ikkje ideelt. Utviklinga av ei profesjonalisert kyrkje vert forsterka. I lys av dette var Bispedømemøtet 2003 viktig, der til saman om lag 220 soknerådsleiarar og sokneprestar deltok med Barneåret i Bjørgvin som tema.

Nokre av prostane er særleg aktive med å samle kyrkjelege medarbeidarar innan prostiet. Dette vert godt teke i mot både av tilsette og rådsorgan. Bispedømeleiinga vil ytterlegare stimulere og legge til rette for at samordning mellom prestetenesta og kyrkjelege råd primært kan skje i prostia.

Spørsmålet om kyrkjelege avgifter var særleg aktuelt våren 2003, då Bergen kyrkjelege fellestråd søkte om å få innføre avgifter på kyrkjelege handlingar utanom gudstenesta. Dette skapte stort engasjement i media og blant folk flest.

Bjørgvin bispedømeråd er generelt uroleg over den vanskelege økonomiske situasjonen som mange kyrkjelege fellestråd er kome i grunna manglande overføringar frå løyvande styresmakter.

Bispedømerådet har som prinsipielt syn at det ikkje rett å bøte på denne situasjonen ved å innføre avgift på kyrkjelege tenester. Det er eit hevdvunne og godt prinsipp at kyrkjemedlemmer ikkje betaler for

kyrkjelege tenester i eige sokn. Kostnadene ved desse kyrkjelege handlingane skal dekkjast av kyrkjeskatten. Innføring av avgift på desse kyrkjelege tenestene vil kunne skape inntrykk av at dette er tenester ein kjøper, og tilslører dessutan ansvaret det offentlege har for å yte naudsynte midlar til den kyrkjelege drifta. Dette innebar at Bergen kyrkjelege fellelsråd sin søknad ikkje vart godkjent.

### **Biskopen sitt tilsynsansvar og vigslingsmynde**

#### **Visitas og vigsling**

Biskopen har gjennomført eit omfattande visitasprogram det siste året med sju visitasar i prestegjelda: Arna, Jølster, Bergen domkirke menighet, Osterfjorden, Laksevåg, Voss og Etne. På grunn av Barneåret valde biskopen å ha berre tre visitasar i andre halvår for å ha betre tid til barn. Ordninga med visitas er omfatta med stor interesse lokalt, og er eit viktig instrument i biskopen sitt tilsyn med kyrkjelydane. Det har vore lagt vekt på å bruka visitasane strategisk og hjelpa kyrkjelydane til å tenka strategi.

I 2003 vart åtte prestar ordinerte, to diakonar, to kateketar og ein kantor vigsla.

#### **Sjømannskyrkja/Norsk kyrkje i utlandet**

Biskopen fører tilsyn med Sjømannskyrkja, men har i 2003 ikkje vore på visitasreiser utanlands.

I 2003 har ein opplevd ein auke i besøket på sjømannskyrkjene med over 15 000 (3,2%) Tendensen er at talet på skipsbesøk går ned, medan besøk på kyrkjene aukar. Talet på gudstenestebesøk og kyrkjelege handlingar held seg stabilt, medan talet på vigslar/forbøn for borgarleg ekteskap aukar. Sjømannskyrkja har i takt med at reisemønsteret skifter, tilpassa sine satsingar, bl.a. med auka bemanning i

Spania og auka satsinga på utanlandsstudentar ved bl.a. å kjøpa ny sjømannskyrkje i Australia.

#### **Prostetenesta**

Noverande biskop har heilt frå fyrste dag satsa medvite på prostetenesta som biskopen sin forlenga arm. Fleire og fleire oppgåver vert overlatne til prostane, dels ved delegasjon frå biskopen, dels ved at dei tek over oppgåver som før vart løyste ved bispedømekontoret.

Midlane til administrativ hjelp til prostane har auka dette året. Prostane har og fått midlar til å samla prestane til konvent oftare. Dette er ei nysatsing i bispedømet. Før var det ofte Presteforeininga som samla prestane til faglege samlingar, no er det prosten som innkallar og betalar. Dette har fungert positivt som eit forum for kompetanseutvikling. Det er og frå biskopen si side lagt vekt på at prostane skal ta initiativ til tverrfaglege samlingar på prostnivå og ha samlingar med kyrkjevevane. Dette har fungert positivt. Fleire prostar har prostivise møte for leiarane i kyrkjelydane. Dette skapar gode relasjonar mellom sokneprestar, soknerådsleiarar og administrative leiarar.

Prostane er delt i to arbeidsretteleings-grupper, som har 4 samlingar årleg. Utanom dette arrangerte biskopen studietur for prostane og bispedømeleiinga i Roma.

#### **Organisering og leiing av prestetenesta.**

##### **Rekruttering**

Det har vore søkjarar til alle prestestillingar som har vore lyst ut siste året. I alle stillingar er det tilsett ved første gangs utlysing. Til 13 stillingar har det vore i alt 69 søkjarar fordelt på 37 personar. To av søkjarane har vore kvinner, og ei kvinne er tilsett i fast

stilling. Til 9 av stillingane var det kvinnelege s kjarar. Dersom ein tel med dei s kjarane som trekte s knaden f r saka vart handsama i bisped mer det, vert talet p  kvinnelege s kjarar h gare.

Dersom ein ser p  tilsetjingane i Bergen, er det lyst ledig 7 stillingar med 41 s knadar fordelt p  24 personar. Snittet p  s knader til dei faste stillingane i Bergen er 6,5 s kjarar.

Det har vore gjennomf rt intervju i fem tilsetjingssaker i 2003.

Det er grunn til   peike p  kva f lgjer bustadsituasjonen i Bergen har for rekruttering. Bisped mer det gjorde vedtak om   lysa ut to kapellanstillingar utan buplikt og ein tilsett har takka nei til stilling etter at bustad ikkje var p  plass eitt  r etter tilsetjing.

### **Kvinneperspektiv p  prestetenesta**

Det vart arrangert eigen fagdag for kvinnelege prestar der storparten av dei inviterte var p meldte. Behovet for   ha eigne samlingar vart dr fta, med stor variasjon i svara. Det er framleis trong for   sette rekruttering av kvinner p  dagsorden.

Vi ser at kvinner som arbeider som prest i ”konservative” krinsar framleis registrerer at medlemmer i kyrkjelydane set sp rjeteikn ved legitimiteten for tenesta.

### **Fridagsavtalen**

Fr v rsrapporteringa og meldingane fr  prostane gjev signal om at den nye fridagsordninga i ferd med   g  seg til. Resultata fr  ei sp rjeunders king Presteforeininga (PF) i Bj rgvin har gjennomf rt, viser at mange prestar opplever det vanskeleg   f  tatt ut vekefridagane. I snitt viser unders kinga av prestane er ”litt samde” i at fridagsavtalen fungerer bra og dei er meir n gde med prestetenesta etter at den vart innf rt. Unders kinga viser  g at ordninga prim rt har medf rt betre vilk r i

prestegjeld som berre har ein prest. Dei fleste prestane har f tt tatt ut helgefri kvar m nad, og dei som har planlagde faste fridagar rapporterer f rrast fridagar til gode.

Prostiprestane vert i liten grad nytta som vikar i samband med uttak av fridagar. Det vert i liten grad nytta vikariering for kvarandre i naboprestegjeld. Reduksjon i aktiviteten i liten grad har vore nytta som verkemiddel for   f  gjennomf rt den nye fridagsordninga. Dette er i tr d med biskopen sine signal om at ein  nskjer   vidaref re gudstenestetilbodet.

Det at prostiprestane i liten grad vert nytta til   dekkja opp for prestane ved uttak av fridagar, samstundes som mange prestar ikkje f r tatt ut fridagane sine, viser at prostiprestane i staden vert nytta som vikarprestar. Dette er med   kamouflere trongen for fleire prestestillingar.

### **Vikarordningar**

Bj rgvin bisped me har i  r 2003 f rt vidare ei stor grad av delegering fr  biskop til prostane, m.a. n r det gjeld vikarordninga. Erfaringane gjennom dette  ret syner at prostane administrerer denne ordninga godt, med godt oversyn over ledige ressursar i prostiet og heilskaplege l ysingar p  praktiske problem. Meldingar fr  prestane tyder p  at dei er n gde med ordninga i dag.

Kj�nnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		�vrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	8,5	91,5	0	100	-	-
heiltidstilsette	8,8	91,2	0	100	-	-
deltidstilsette	0	100	0	100	-	-
Gjennomsnittsl�n (1000 kr)	313	331,5				

det f rste  ret med fridagsavtale s kte prestane   nytte vikarressursar til   dekkje opp for det tapet av aktivitet som avtalen f rte til. No synest det som om prestane i langt st rre grad godtar at aktiviteten m 

verte redusert som følgje av innføring av fridagsavtalen og den femte ferieveka.

På same vis har bispedømet redusert talet på tilsette prestar utanom heimla stillingar. I sum kan ein seie at ein har redusert aktivitet og talet på tilsette frå det ein kunne ønskje til det ein klarer å finansiere.

### **Sjukefråvær**

Sjukefråværet i presteskapet er oppsiktsvekkjande lågt med 3,8 % i snitt for heile året. Vi registrerer ein liten auke i bruk av eigenmelding etter at bispedømet vart Inkluderande arbeidslivsbedrift. Denne ordninga opnar for ei tettare oppfølging av sjukmelde med fokus på funksjonsnivå og tilrettelegging. Bispedømet nyttar i stor grad aktiv sjukmeldingsavtale i samband med opptrapping ved lengre sjukefråvere. Vi ser at sjølv om styringssignala er klare på at det vert stilt økonomi til rådvelde til vikarmidlar frå første dag i eit sjukefråvær, er det ikkje alltid råd å få tak i eksterne vikarar.

### **Arbeidsmiljø - Helse, miljø og tryggleik**

I dette arbeidsåret har arbeidsmiljøutvalet vedteke å arbeide for ei nærare samordning av det systematiske arbeidsmiljøarbeidet mellom bispedømet og Bergen kyrkjelege felleråd. Prostane i Bergen, leiinga på bispedømekontoret og kyrkjeverjeleiinga deltok saman på eit kurs i konflikt-handtering på Modum i regi av KA som ein del av denne prosessen.

### **Fengselsprestetenesta**

Fengselsprestetenesta har dette året vore prega av eit stabilt team på to tilsette prestar. Brorparten av arbeidet deira er retta mot einskildmenneske. I 2003 var det gjennomført 2390 individuelle samtalar. I tillegg er det vanlege aktivitetstilbodet for ei vanleg veke to gudstenester, to sosiale samvere, to etikkgrupper og grupper for foreldre-barn. Prestane administrerer Frelsesarméens samlingar kvar veke og dei formidlar kontakt med andre religiøse

trudomssamfunn. I samarbeid med Åsane menighet vert det kvar siste torsdag i månaden gjeve tilbod om bibelgrupper og Alpha-kurs.

Prestane har tverrfaglege møter med direktøren og hans stab kvar veke der ein saman drøfter ulike problemstillingar. Det vert òg gjennomført tverrfaglege møte med skule- og helseavdelingane, fengselsleiinga og kyrkje for å gje eit tverrfagleg tilbod til dei innsette.

Fengselsprestetenesta er krevjande og bispedømet legg til rette for individuell rettleiing for fengselsprestane samt ei årleg samling med fengselsprestane i landet.

### **Prestebustader**

Presteyrket er eit av dei få som framleis har ordninga med tenestebustader. Det er ein føresetnad at det høyrer tenestebustad til alle heimla stillingar. Dette er då også situasjonen for dei fleste stillingane utanom Bergen. Kyrkjelova legg ansvaret for desse bustadane på kommunane, men i Bjørgvin har vi også eit høgt tal bustader som er eigd av Opplysningsvesenets fond (OVF).

Prestebustadane held til dels svært ujamnt nivå når det gjeld standard. Dette er stoda same kven som eig husa. I seinare år har ein likevel sett vilje frå så vel OVF som frå kommunane til å gjere skikkelege løft i samband med skifte av prest. Likevel ser ein dessverre at kommunane sin økonomi i seinare tid også gjer utslag i prioritering av tenestebustader for prestar. I ein pressa situasjon er det vanskeleg å vinne gehør for at tenestebustader bør ha betre standard enn andre kommunale bustader.

Både når det gjeld rāmene for investeringar og vedlikehald av prestebustadane har ein frå kommunane si side peikt på at refusjonsattsane ikkje er tilstrekkelege til å dekkje utgiftene. Det som er skjedd dei siste åra er at departementet har ”lagt lakk på” denne diskusjonen, idet ein no også

sender rekninga for refusjon til kommunane til OVF. Dersom OVF skal gje kommunane høgre refusjonssatsar, har dei mindre igjen til egne bustader. Det er derfor viktig å presisere overfor kommunane at ein frå bispedømet si side ser på refusjonssatsane som eit tilskot, og at det ikkje er meint at kommunane ikkje skal yte noko sjølve.

OVF har i 2003 starta eit arbeid med kvalitetskriterium, dokumentasjon og brukarreglar for prestebustader. Bispedømet følgjer dette arbeidet nøye.

## **Kompetanseutvikling**

### **Kompetanseutvikling for prestar og kateketar**

Brorparten av den faglege utviklinga i presteskapet skal etter handlingsplanen rettast inn mot PF sine etterutdanningsmodular. Eit nytt tilbod i Pastoral leiarutdanning vekte stor interesse i Bjørgvin, med 6 av 13 søknader til regionalt etterutdanningsutval (REU). REU er godt nøgd med at talet på søkjarar på modulane er stigande. I 2003 deltok 12 av våre tilsette i ein SPP-modul (spesialkompetanse i praktisk presteneste). Tilbakemeldingane frå deltakarane på modulane er gode. Vi registrerer elles ein aukande tendens til individuelle søknader til REU. Vikardekning i samband med permisjonsuttak vert stort sett lagt til rette for i form av kollegadugnad, prostiprest eller dekking av einskildtenester.

Ein skal òg vere klar over at mykje av den faglege utviklinga skjer i prostisamanheng og i kurs arrangert av bispedømerådet. Dette er ein kostnadseffektiv måte å gje fagleg oppdatering på.

## **Retreat**

Det vart skipa til ein retreat i byrjinga på november hjå St. Joseph søstrene på Nesøya, som gjekk over tre døgn. Responsen på denne retreaten var god. Retreatsamlingane er eit viktig verkty til hjelp med det åndelege livet for den enkelte medarbeidar. Det synest difor viktig å bruke midlar på dette.

## **Arbeidsvegleiing (ABV)**

Åtte nye vegleiingsgrupper starta tidleg 2003 med til saman 41 deltakarar. Av desse er det 2 kateketar, 5 diakonar og 34 prestar. Desse gruppene går over to år og vert avslutta hausten 2004.

Tre av gruppene er reine seniorgrupper. Deltakarane er frå 55 år og oppover. Tilbakemeldingane er svært gode. Styringsgruppa for ABV i Bjørgvin har også dette året skipa til ein fagdag, då med tema: "Vegleiaren i møte med utbrenthet". Forskar Inger Helene Nordeide fokuserte på forholdet mellom indre og ytre forventning hos prest, kateket og diakon, og kva skal ein vegleiar sjå etter i møte med ein medarbeidar i faresona. Med to nye grupper frå våren 2004 er alle vegleiarane i Bjørgvin bispedøme i funksjon.

## **Seniorpolitikk**

Tiltak knytt til seniorpolitikk vert gjennomført i tråd med den seniorpolitiske planen for Bjørgvin bispedøme. Planen vart vedteken i AMU i 1999 og integrert i det systematiske HMS-arbeidet gjennom vedtak i bispedømerådet i 2000. Eigne ABV-grupper for seniorprestar (sjå over) er eit av dei viktigaste seniorpolitiske tiltaka i bispedømet. Det vert dessutan gjennomført "milepælssamtalar" saman med prostane for medarbeidarar dei åra dei fyller 55 og 60. Tilbakemeldingane på sjølve samtalane er gode, men dette er eit nokså nytt tiltak som det står att å sjå effekten av.

Bispedømerådet har også gjeve fritak frå buplikt til prestar over 60 som søkjer om dette.

### **Verksemda ved bispedømekontoret**

Generelt er det grunn til å vere godt nøgd med situasjonen for bispedømekontoret i Bjørgvin.

### **Helse, miljø og tryggleik**

Dei 3 siste åra har vi gjennomført årlege arbeidsmiljøundersøkingar med etterfølgjande drøftingar i staben. Undersøkingane har vist stigande trivsel og fleire medarbeidarar er generelt meir nøgde med arbeidsplassen no enn for 3 år sidan. Dette er vi nøgde med sett i lys av at vi flytta til nye kontor i 2000, innførte ny organisasjon i 2001 og i løpet av dei 3 siste åra til saman har tilsett 13 nye medarbeidarar.

2003 har vore eit år med mange større arrangement i bispedømet. Bispedømekontoret har vald å møte desse utfordringane ved å arbeide i team og engasjere medarbeidarar på mange delar av arrangementet. Evalueringa av dette har vore positiv.

Funna frå arbeidsmiljøundersøkingane har vorte følgt opp systematisk. Dette har ført til eit fokus på å utarbeide rutinar for fleire sider av forvaltninga. Til tider er effektiviteten ikkje tilfredsstillande. Dette inneber at saker kan verte liggjande lenger enn forvaltningslova tilseier.

Vi manglar framleis eit heilskapleg dataverkty for handsaming av løn- og personalforvaltninga. Risikoen for feil og manglar er stor. Gode rutinar kan berre delvis bøte på dette problemet.

Dei to siste åra har det vorte gjennomført vernerunde, i tillegg til at eit firma har undersøkt dei ergonomiske tilhøva på kvar

enkelt arbeidsplass. Vi er godt nøgde med resultatane av vernerundane og undersøkinga. Vi har prioritert midlar for å rette på dei negative funna.

### **Økonomiforvaltninga**

Våren 2003 fekk vi ny medarbeidar som følgje av at vi fekk ansvaret for forvaltninga av reiserekningar for prestane. Vi oppretta ein ny seksjon for økonomiforvaltning. Her inngår 3 medarbeidarar i tillegg til stiftsdirektøren som leiar seksjonen. Det er utarbeidd ny og betre arbeidsfordeling, men det står framleis att å etablere rutinar for økonomiforvaltninga. Dette vil skje i 2004 i samband med innføringa av nytt økonomireglement.

Ny kontoplan vart teken i bruk 1. januar 2003. Med utgangspunkt i faktisk behov for internrapportering og rapportering til departementet, valde vi ein prosjektbasert kontoplan. Kwart prosjekt har ein prosjektansvarleg, som gjennom budsjett disponeringsskriv får ansvar for forvaltning av budsjetterte midlar på prosjekta. Prosjektansvarleg har bestillingsrett, attestasjonsmynde (inkl. kontering) og kvartalsvis rapporteringsansvar. Prosjektansvarlege har fått internopplæring i rekneskapssystemet Agresso. Med unntak av tilgang til Agresso, har prostane vorte gitt ansvar som prosjektansvarlege for tiltak i prostia.

Vi er overraska over dei raske positive effektane dette har fått. Først og fremst kjenner kvar enkelt prosjektansvarleg langt større ansvar for bruken av "sine" midlar. Ordninga har skapt fruktbare diskusjonar med avklaring av ansvar. Vi har fått eit instrument som måler langt betre samla kostnader ved eit tiltak/prosjekt. Dette har ført til at leiargruppa i administrasjonen kan ha større tryggleik for tala og konsentrere seg om å gjere faktiske prioriteringar. Stiftsdirektøren opplever det lettare å gjere bispedømerådet til gode

politikarar som skal gjere strategiske val for bruken av midlane. I sum er dette viktige faktorar for ei samla god økonomistyring for verksemda. Vår verksemd er fullservicekunde hos Skattefuten i Hordaland. Vi kan ikkje seie oss nøgde med samarbeidet i 2003. Vi har stor forståing for Skattefuten sine nødvendige omrokeringar på medarbeidarar grunna sjukdom o.a. Like fullt er resultatet for den samla forvaltninga av løn og faktura ikkje godt nok. Risikoen for feil og manglar er stor. Vi har hatt møte med Skattefuten for å rydde opp i ein del spørsmål knytt til rutinar.

## IT

Etter ein vanskeleg periode heilt først på året, er det grunn til å melde at OVF-nettverket er langt meir stabilt enn tidlegare. Enkelte av våre medarbeidarar har avtalt ordning med arbeidsdagar heime. For desse var det eit vesentleg framsteg at ein har nettbasert tilgang til OVF-nettet. Bispedømerådet har vedteke ein utskiftingstakt på våre lokale serverar og terminalar. Dette har vorte følgt opp i tråd med intensjonane.

## Kommentarar til årsrekneskapen 2003.

Drifta av bispedømekontoret og arrangementverksemda (kap. 0340/3340 post 01) vart gjort opp med eit overskot på kr 472.000.

Dette skuldast:

- Kr 165.000 sett av til dekning av pårekna overskriding post 71.16 vart ikkje nytta, då vakansar for diakon og kateketstillingane vart sær store i 3. og 4. kvartal.
- Vakansar / meirinntekt sjukepengar for fast tilsette ved bispedømekontoret, kr 140.000
- Rest unnytta løyving til prosjektet "Dåpsopplæring i heim og familie", kr 95.000. Prosjektet er finansiert innanfor rammene avsett til

trusopplæringsreforma, og restmidlane er føresett nytta i år 2004 til slutføring av prosjektet.

- Lågare straum- og felleskostnader lokalar enn føresett, innsparing kr 45.000
- Netto lågare utgift / mindre aktivitet enn føresett for ulike arrangement / tiltak kr 27.000

Prosjekt "Bergen internasjonale menighet" (kap. 0340 post 21) viser eit underskot på om lag 90.000. Dette skuldast forseinka refusjonsinntekter frå samarbeidspartnarar. Ein forventar at dette vert innbetalt i år 2004.

Drifta av presteskapet (kap. 0341 post 01) vart gjort opp med eit overskot på om lag 1,7 mill. Dei viktigaste forklaringane er:

- Treg / manglande innsending av reiserekningar / krav om telefongodtgjersle, kr 710.000. Då betalingsansvaret for reise- og telefongodtgjersle vart overteke frå fellesråda 01.01.03 vart det berre delårsverknad for denne posten i år 2003. I tillegg slit vi med å få ein del arbeidstakarar til å sende rekningar i rett tid. Spesielt gjeld dette telefonrefusjon.
- Innsparing løn / meirinntekt refusjonar kr 270.000. Skuldast primært lågare vikarbruk enn føresett. Tidvis problem å skaffe prestevikarar for ulike geografiske område.
- Mindre utgift pott avsett til friviljuge kurs for presteskapet, kr 200.000. Skuldast lågare flyprisar + lågare deltaking enn føresett.
- Mindre utgift til flyttegodtgjersle enn føresett, kr 165.000. Skuldast at fleire tilsette ikkje hadde opparbeidd nok tenestetid til å ha krav på godtgjersle.
- Innsparing stiftsmøtet, kr 90.000. Noko mindre deltaking og lågare opphaldsbetaling enn føresett.

- Mindreutgift ABV, kr 70.000.  
Skuldast primært treg innsending av honorar- og reiserekningar.
- Treg innsending av refusjonskrav for brenselstilskot, kr 55.000

Rekneskap for tilskotsordningane for diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (kap 0340 post 71.16) og kyrkjeleg verksemd i kommunane (post 72) er gjort opp i balanse. Nærare kommentarar knytt til desse tilskotsordningane finnast annan stad i denne årsmeldinga.



Bergen, 1.mars 2004

Ole D. Hagesæther  
Bjergvin biskop  
(sign)

Kari Sørheim  
Leiar Bjergvin bispedømeråd  
(sign)

Helge Taranrød  
Stiftsdirektør  
(sign)